



Teknisk drift

Referansar:

Dykkar:

Vår: 17/1107 - 17/7061

Saksbehandlar:

Bente Kopperdal Hervik

bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no

Dato:

01.06.2017

Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning - garderobar Radøyhallen (anleggsnr. 1260000709)

Me har motteke søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning for rehabilitering av garderobar i Radøyhallen 30. mai 2017.

Kommunal plan og behovsvurdering

Radøyhallen er den største idrettshallen i kommunen og bassenget er det einaste 25-metersbassenget i heile regionen. Garderobane er over 30 år og treng rehabilitering grunna slitasje. Samstundes vil garderobane verta oppgraderte med skijeveggar for at fleire skal dusja før og etter dei har vore i bassenget og etter aktivitet i idrettshallen.

Renovering av garderobane er ikkje nemnd i handlingsplanen I kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2016-2026, men vert tatt inn i samband med rulleringa i år.

Kostnadsoverslag og foreløpig plan for finansiering og drift av anlegget

Dokumentasjonen er gjennomgått.

Planane er vurderte og godkjende med følgande føresetnader:

Anlegget skal vere universelt utforma, og ein skal utstyra garderobar, dusjrom, toalett osv. i samsvar med rettleiaren "Universell utforming av idretts- og nærmiljøanlegg" (V-0511 – 2012).

Godkjende, stempla teikningar er lagt ved dette brevet. Godkjenninga gjeld for to år, og ein må sette i gang byggearbeida innan desse to åra. Dersom ein ikkje gjer dette, må ein søke om forlenging. (Dersom byggearbeida er sett i gang før idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning er gjeven, fell moglegheita for å kunne søke om spelemidlar vekk).

Vert planane for anlegget endra, må ein sende nye, oppdaterte planar inn til ny idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning.

Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning gjev ikkje garanti for tilskot frå spelemidlane, men skal følge som vedlegg til spelemidelsøknaden.

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634



Med helsing

Anne Dahle Austrheim
leiar kultur- og sørvistorget

Bente Kopperdal Hervik
rådgjevar kultur

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:
20170602140838

Mottakarar:
Teknisk drift